

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 28.08.2008
Sakhandsamar: Terje Arne Krokvik
Saka gjeld: **Langsiktig finansiering av Helse Vest IKT**

Arkivsak
Styresak 087/08 B

Styremøte 17.10. 2008

Bakgrunn

Helse Vest IKT har over lengre tid hatt likviditetsutfordringar. Årsaka til dette er først og fremst store investeringsprosjekt der utbetalingane kjem lenge før ein kan fakturere inntekt til helseføretaka. Eksempel på slike prosjekt er MOT og felles EPJ. Samtidig har Helse Vest IKT betalt ned på den langsiktige finansieringa som vart stilt til rådvelde då selskapet vart etablert.

Likviditetsbehovet har fram til no blitt løyst ved at det har blitt gitt kortsiktige likviditetslån frå Helse Vest RHF med kort tilbakebetalingsfrist. Dette er ei løysing som ikkje fungerer over tid då kort nedbetalingsfrist igjen skaper eit nytt behov for å ta opp kortsiktig likviditetslån. Helse Vest IKT har pr. dags dato eit samla likviditetslån til Helse Vest på kr 70 mill.

Likviditetsutfordringa oppstår som følgje av at det er Helse Vest IKT som har dei likviditetsmessige utbetalingane til investeringar som blir gjort på vegne av helseføretaka. Dersom IKT aktivitetane ikkje hadde vært organisert under Helse Vest IKT AS, hadde utbetalingane blitt føretatt direkte i helseføretaka, og det er desse som då hadde fått tilsvarende høgare belastning på driftskredittramma.

Helse Vest IKT sitt styre har bedt om at det blir fremja søknad til Helse Vest om meir langsiktig løysing av finansieringsbehovet. Det blir her vist til Helse Vest IKT si sak 043/08 B samt protokoll frå styremøte den 23.06.2008 som følgjer vedlagt denne saka.

Kommentarar

I Helse Vest IKT si styresak er det indikert eit lånebehov på kr 50 mill veksande til kr 100 mill. Administrasjonen har med basis i siste informasjon vurdert lånebehovet til å være kr 100 mill veksande til kr 130 mill i slutten av 2009. Helse Vest IKT har derfor søkt om eit langsiktig lån på kr 100 mill med muligheit for å utvide dette til kr 130 mill i andre halvår 2009.

Helse Vest har som oppfølging av styrevedtak søkt HOD om utvida driftskreditt den 18.06.2008. HOD godkjende ikkje søknaden om utvida driftskreditt. Helse Vest vil ved slutten av 2008 ha ei likviditetsutfordring, det blir her vist til sak 083/08 B Rapportering frå verksemda pr. 31. juli 2008. I denne prognosen er det allereie tatt høgde for at det er utbetalt kr 70 mill i kortsiktig likviditetslån til Helse Vest IKT. Helse Vest har ikkje rom for å auke likviditetslånet ut over dei kr 70 mill som allereie er utbetalt i 2008. Når det gjeld 2009 vil ein først ved framlegg av statsbudsjettet for 2009 få ei avklaring på om det er rom for å auke likviditetslånet til Helse Vest IKT.

I følge likviditetsprognosen til Helse Vest IKT vil det vere tilstrekkeleg med å vidareføre likviditetslånet på kr 70 mill ut året. Den likviditetsmessige utfordringa vil forsterka seg i begynninga av 2009. Administrerande direktør vil derfor tilrå at det kortsiktige likviditetslånet på kr 70 mill blir konvertert til eit langsiktig likviditetslån. Samtidig gis det opsjon om å kunne auke lånet opp mot kr 130 mill avhengig av behovet til Helse Vest IKT og kva midlar som Helse Vest har tilgjengeleg etter statsbudsjettet for 2009. Helse Vest IKT må gå grundig igjennom sine investeringsplanar og foreta nødvendige tiltak for å tilpasse investeringsnivået til det finansielle grunnlaget.

Det må etablerast ein låneavtale der renta samsvarer med Helse Vest sine vilkår og ei nedbetalingstid som samsvarer med dei inntektene som Helse Vest IKT skal fakturere helseføretaka når investeringane er ferdigstilte.

Habilitetsvurdering

Administrerande direktør i Helse Vest RHF er styreleiar i Helse Vest IKT AS. Det at ein og same person innehar begge desse rollane inneber ikkje i seg sjølv at det oppstår nokon form for habilitetskonflikt for administrerande direktør når Helse Vest RHF skal behandla ei sak som gjeld Helse Vest IKT AS, jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Inhabilitet må eventuelt blir konstatert ut frå ein konkret vurdering der vurderingstemaet er om det i den aktuelle saka ligg føre omstende som er egna til å svekke tilliten til administrerande direktør sin upartiskheit.

Helse Vest IKT AS er resultat av val av strategisk retning med omsyn til korleis IKT-tenesta i regionen best kan organiserast. Eigarrepresentasjon i selskapet er ein sentral del av styringa, og det er da i liten grad rom for inhabilitetssynspunkt i forholdet mellom disse verksemdene med mindre det i den enkelte sak konkret kan peikast på ein interessekonflikt mellom selskapa og ein konflikt av meir personlig karakter for vedkommande styremedlem. Ein slik situasjon ligg ikkje føre i denne saka.

Forslag til vedtak

1. Styret godkjenner at det blir inngått avtale med Helse Vest IKT om langsiktig lån på kr 70 mill, med opsjon om utviding av låneramma til kr 130 mill.
2. Dei økonomiske vilkåra skal være i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.
3. Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som knytte seg til investeringane.